

Brekke Pensjonistlag sin dagstur 2024 onsdag 5. juni, referert av Sigmund Bleie som var med.



KL 7.00 starta vi med buss frå gamle ferjekaia på Brekke, kørde via Arna til Dalegarden, der vi tok ein kaffipause. Turen heldt fram til Voss, og vidare over Vikafjellet til Vik.



Lunsj på Blix Hotell. Etterpå handla nokre Gamalost på meieriet, andre var rundt i tettstaden.



I Motormuseet



Havnemiljø med M/S Arnafjord bygd i Vik 1937

Kl. 14.00, gikk vi om bord i ferja som tok oss med på ein fantastisk fjordtur



Utsyn innover fjorden mot Balestrand, Hella, fossen Kvina og Vangsnes. Me set kurs ut fjorden



langs dei veglause grendene på sørsida av Sognefjorden.: **Otteskred, Geithus, Finden, Vollevik, Sylvarnes, Hanekam og Vetlesand**. På fleire av desse gardane, bur det no berre ein eller to personar, mange av husa vert nytta som fritidsbustad.

Frå Otteskred i Arnafjord





Finden



Finden







Sylvarnes



Postlevering Vetlesand



Alrek, fritt og høgt



Alrek Brygge

Kl. 15.40 er ferja i Ortnevik, og her har vi avtale med **Sogn Aqua** om å få orientering om verdens største



kveiteoppdrett på land, som ligg her i Ortnevik. Kveita kontrollerer gjestene !










Anders Brekke fortel



Matøkt i kyrkja







Me fekk høyre om prosjekta og snakke med trekunstnaren Anders Brekke i Ortnevik, og sjå kunsten hans. Han har og 8 båtar på samvitet. Den siste på ca 30 fot fekk me sett litt av. Den skal på sjøen veka etter me var der. Han framheva kor viktig det er å gjennomføre eit prosjekt (ikkje gje seg). Det var godt å sjå kor han og kona Kristi samarbeidde, oh for at me gjestene skulle trivast.

Me fekk ikkje tid å gå bortom kraftverket.

Takk for dei gode opplevingane !

Etter ein liten matpause i kyrkja, startar vi på turen heim. Attende i Brekke i Gulen om lag kl 19.00.

Foto: Sigmund Bleie og turleiaren Henry Nilsen

